

ELDAR HEIDE

Hnykkistafr

I *Laxdœla saga* er det nemnt eit ord *hnykkistafr* om bord på eit skip. Etter det eg kjenner til, er ordet uforklart og ikkje nemnt andre stader. Eg føreslår at det er = *hefilskaft*, som er ein stav dei brukte til å rykke seglet ned med når det var heist opp til råa og pakka mot den med tau kalla *heflar*.

Ordet *hnykkistafr* er nemnt i ein episode der nordmannen Geirmund Gny vil stikke av frå Island og kona, Turid Olavsdotter, og jentungen deira. Han vil segle frå landet med eit *kaupskip* (*Laxdœla saga*: 81), men blir liggande og vente på bær i eit utvær. Dit ut fer Turid med nokre huskarar tidleg ein morgon:

Hon gengr út eptir bryggju og svá í skipit. Allir menn váru í svefni. Hon gekk at húðfati því, er Geirmundr svaf í. Sverðit Fótbítr hekk á hnykkistafnum. Þuríðr setr nú meyna Gró í húðfatit, en greip upp Fótbít og hafði með sér; síðan gengr hon af skipinu og til forunauta sinna. Nú tekr mærin at gráta. Við þat vaknar Geirmundr og sezkr upp og kennir barnit og þykkisk vita, af hverjum rifjum vera mun. Hann sprettr upp og vill þrifa sverðit og missir, sem ván var [...] (ibid: 81–82)¹


Einar Ólafur Sveinsson, som har gjevi ut utgåva eg siterer frå, har ikkje noka sikker meining om kva *hnykkistafr* er. Han refererer to forslag som han meiner er “tómar getgátur”: *Hnykkistafr* er “hnykkingarstafur, sem hurðin ríður að” (Jón Gizurarson sitt forslag. Ibid: 82), og *hnykkistafr* er ‘styrvol’ (‘rorkult’. Kr. Kálund sitt forslag. Ibid). Valtýr Guðmundsson sitt forslag ser det ut til at han er mindre skeptisk til: *Hnykkistafr* er i slekt med “*hnykkja, hnokki*, og væri *hnykkistafr*: stafur med hnokka eða krók,

¹ Episoden er drøfta i Mundal 1997: 63 og Heide 2001: 88 ff. Bjarne Fidjestøl vel ei generell omsetting av *hnykkistafr*: ‘Ho gjekk over landgangsbrua og ut på skipet. Der sov alle mann. Ho gjekk til den skinnsenga Geirmund sov i; sverdet Fotbit hekk på ein krok. Turid set no vesle Gro i skinnsenga, men greip Fotbit og tok det med seg. Så går ho av skipet til følgesmennene sine. No tek jenta til å gráte, og av det vaknar Geirmund og set seg opp, kjenner barnet og tykkjest vite kven som stod bak dette. Han sprett opp og vil trive sverdet, men fekk ikkje tak i det, som rimeleg var [...]’ (Fidjestøl 1994: 79)

hafður til þess að hengja húðfatið á” (ibid). Eg går ut frá at dei har resonert ut frá det nýslandske verbet *hnykkja* og tydinga ‘bøye enden på ein spikar etter at han er slått gjennom’, og det nýslandske hankjønnsordet *hnokki* ‘liten jarnkrok; enden på ei rá’ (ordet finst på norsk òg, i dei same tydingane). At *hnykkistafr* har noko med ‘krok’ å gjera, verkar rimeleg ut frá dette.

Det mest nærliggande er å setta *hnykkistafr* nærast i samband med verbet *hnykkja*. For det fyrste har det same rotvokalen som *hnykki*-. For det andre dannar *ija*-konjugasjonen, som *hnykkja* høyrer til, regelmessig samansetting på *-i*: *Sendifjor* av *senda*, *læriseveinn* av *læra*, *sækitivar* ‘krigarar’ av *sækja*, *rækimeidr* ‘røktande tre’, ‘mann’ (i skaldekjeningar) av *rækja*, osv. (jf. Iversen 1994: 166). *Hnykkistafr* kan derfor lesast beint fram som ei samansetting med verbet *hnykkja*. Ordet skulle i så fall tyde ‘stav brukt til å *hnykkja* med’. Det kan knapt ha vori ein stav til å bøye spikarendar med, jamvel om den tydinga saktens kan ha funnist i norrønt, enda om ho ikkje er belagd. Ut frá normaltydinga av *hnykkja*, skulle *hnykkistafr* tyde “nykkestav”, “stav til å nykke, rykke, med”.

Falk nemner ikkje *hnykkistafr* i *Altnordisches Seewesen* (Falk 1912), og det tyder på at han ikkje har oppfatta det som noko maritimt. Eg trur likevel nøkkelen til *hnykkistafr* er at det er noko som høyrer til om bord på eit skip. Ein særskild stav til å nykke med er kjent frå dei nordiske mellomalderskipa, under nemninga *hefilskaft*, n. Førelekken i dette ordet er *hefill*, m., “hevar”, som vart brukt om tau (fleirtal *heflar*) brukte til å heise seglet opp mot råa med, når ein ville minske segl eller ta heilt i hop (Falk 1912: 67–68). Dette fungerte som eit slag persiennesystem. Sjå figur 1. To stader er det nemnt at dei gøymde folk eller pengar i den seglposen som vart hengande under råa (døme hos Falk, ibid: 67). Å sleppe seglet ned att heitte å *láta hleypta segli ór heflum* (døme hos Falk, ibid). I *Sturlunga saga* er det ein stad nemnt eit særskilt *hefilskaft*. Det er i uver når eit skip har legi og reki med seglet nede ei tid (*leggja þeir Ingimundr í rétt*, *Sturlunga saga* 1: 96). Så rek skipet mot nokre bødar, og da vil mannskapet vinde opp seglet, rimelegvis for å få styrefart så dei kan styre unna. Men *er þeir höfðu segl af búlka upp varla mannhátt*, da kjem det ein stor brottsjø over skipet (ibid: 97). Da *þreif Ingimundr prestr hefilskaft, ok vildi kippa ofan* (ibid: 97). Det er ikkje sagt kva det er han vil *kippa ofan*, men det er all grunn til å følgje Falk (1912: 68²) i at det er seglet det er snakk om. *Hefilskaft* må ha noko med *hefill/heflar* å gjera. Etterlekken *skapt* kan vanskeleg omsettast med ‘handtak’, for det er vanskeleg å



Figur 1. Skip med “opphevla” segl på ein mynt frá 800-talet. Frá Falk 1912: 68.

tenkje seg at det var skaft på *heflarnir*, som var hengande tau. Derimot høver den andre norrøne hovudtydinga, som er ‘stong, stökk, helst brukt til kastevåpen; spydstong [...]’ (Heggstad). Ut frá etymologien og bruken (*kippa ofan*) har derfor *hefilskaft* vori ei stong til å rykke noko ned med. Ut frá samanhengen er det rimelegast at det var *seglet* som skulle rykkast ned frá råa. Det er om å gjera å få seglet opp, men mannskapet blir stoppa av brottsjøen. Den nest beste løysinga har da vori å *láta hleypta segli ór heflum* før dei hadde råa så høgt dei ville, så fekk dei strekt ut ein del av seglet, i alle fall. Det rimelegaste er derfor at Falk har rett i at eit *hefilskaft* har vori ei stong eller ein stav brukt til å *kippa* seglet ned med når det var *hefla* opp mot råa. Å *kippa* er det same som å *hnykkja*. Jamfør t.d. den gongen kong Olav Haraldsson ville setta den tre år gamle halvbroren sin på prøve. Kongen *kippði* i håret hans, og som svar *hnykkði* guten i skjegget til kongen (*Heimskringla* 11: 108). *Hnykkistafr* burde derfor uproblematisk kunne vera synonym med *hefilskaft*.

Det er vanskeleg å føre avgjerande bevis for at det er slik *hnykkistafr* skal forståast. Men det er fleire ting som stemmer med den tolkinga. Formuleringa *sverðit [...] hekk á hnykkistafrnum* gjer det. Når det er brukt bunden form eintal, så tyder det på at *hnykkistafr* var noko det var kjent at det berre var ein av om bord. Uttrykksmáten er i så fall parallell til den som blir brukt om bátshaken om bord på ein bát i dag. Det blir alltid sagt *bátshaken*, for det berre er ein det kan vera snakk om. Det stemmer òg med den tolkinga eg set fram her at *hnykkistafrinn* var plassert der Geirmund sov. Han var høvedsmann, og høvedsmannen sin plass, komman-

²Det er likevel neppe rett, slik Falk føreslår rett nedanfor, at *hefilskaft* = *handrif*, jf. Heide og Godal 2001.

doplassen, var den gongen, som i dag, atte i skipet. Jamfør alle stadene det er nemnt at kongen heldt seg i *lyptingr* (som er atte i skipet) når han var om bord på eit skip. På eit handelsskip, som det er snakk om her, var dessutan midtskipet fylt med last, slik at det berre var atte og framme det var opphaldsplass. Figur 2, som viser ein rekonstruksjon av den såkalla Skuldelevknarren, gjev eit inntrykk av det, men der er det ballaststein, og ikkje nyttelast. Folk hadde faste plassar om bord (jf. nemningar som *stafnbúi*), og der sov dei òg. Jamfør *Haralds saga Sigurðarsonar*, der det ein stad går klårt fram at kongen sov i *lyptingr* (*Heimskringla* III: 97). Det er derfor all grunn til å tru at Geirmund sov atte i skipet, og derifrå skulle ein vente at både *heflar* og *heflskapt* vart handterte. Som nemnt er det kommandoplassen, og det er derifrå ein heiser seglet. Elles måtte dei handtert *heflar* og *heflskapt* framme frå stammen, sidan midtskipet var fylt med last, men det ville vori bakvendt. — Det er enda ein detalj òg som høver med at *hnykkistafrinn* er eit *heflskapt*: Det at Turid *greip upp* sverdet da ho tok det med seg. Når ho gjorde det, enda det *hekk*, så tyder det på at sverdet hang *lågt*, under hoftehøgð. Da kan det knapt ha vori slik at sverdet hang på ein krok i enden av ein stav som stod rett opp og ned. I så fall måtte det ha vori ein veldig kort stav. Tenkjer vi oss derimot at det er eit *heflskapt* det er snakk om, så blir det lettare å sjå føre seg situasjonen, i lys av eipsoden der *heflskapt* blir brukt i *Sturlunga saga*. Der ser det ut til at mannskapet helst ville fått råa eit stykke høgre enn mannshøgt over lasta (som venteleg var høgre enn rekka) før Ingemund *kippti ofan*. Skulle ein da nå råa med *heflskapt* frå platingen atte i skipet (sjå figur 2), så måtte det vera ein nokså lang stav. Når ein slik stav ikkje var i bruk, ville mannskapet knapt ha plassert han rett opp og ned. Naturlegare ville det ha vori å leggja han flatt framover skipet, oppå lasta, og helst ute i borde, slik at han vart liggande ut mot rekka og kunne kilast fast mellom lasta og vanta, i høgð med rekka eller så. Da ville staven vera nokolunde ute or vegen, men innan rekkevidde (jf. skipet i figur 2, som dessverre er utan nyttelast). Samstundes ville enden på staven stikke ut på baksida av lasta, kanskje like under hoftehøgð, og vera høveleg å henge frå seg ting på for den som sov i *lyptingr*.

Jamvel om det ligg nærast å setta *hnykkistafr* direkte i samband med verbet *hnykkja* 'nykke, rykke', er det rimeleg om *hnykkja* i sin tur har ei opphavstyding som heng i hop med *hnokki* og tydinga 'krok'. Det er ikkje urimeleg om det til grunn for begge orda ligg ei germansk rot **hnuk-* 'bøye', slik Alf Torp meiner (1992, under *nokke*). Tydingssambandet er det ikkje vanskeleg å sjå, for i mange tilfelle vil ein bruke ein krok til å nykke med. Til dømes må det ha vori ein krok i enden av eit



Figur 2. Modell av den såkalla Skuldelevknarren. Frå Andersen og Andersen 1989: 264.

heflskapt om det skulle fungere, altså som *hnykkistafr*. Det er derfor ikkje urimeleg om *hnykkistafr* òg vart brukt til å krøke inn ting frå sjøen med. I så fall kan det ha vori same tingen som *bátshaki*, m., som den eine gongen det er nemnt i norrøne kjelder blir brukt til å fiske opp ein kar som har dotti i sjøen (*Hálfðanar saga Eysteinsonar*: 263). Førelekken *hnykki-* i *hnykkistafr* stemmer likevel ikkje heilt med det, for ein kan ikkje *rykke* ein kar opp frå sjøen eller ein småbåt innåt eit skip. Kjeldene nemner òg ein jarnskodd stav om bord på mellomalderskipa: *Forkr, jarnstafr, jarngaddr* (Falk 1912: 26–27). Det ser ut til å ha vori noko anna enn både *heflskapt* (*/hnykkistafr?*) og *bátshaki*, med di den jarnskodde staven i kjeldene berre blir brukt til å skuve frå med eller stikke med.

Litteratur

- Andersen, Erik og Bent Andersen, 1989: *Råsejlet — Dragens Vinge*. Roskilde: Vikingeskibshallen i Roskilde.
- Brennu-Njáls saga*. Utg. Einar Ólafur Sveinsson, 1954. Íslenzk fornrit 12. Reykjavík: Hið íslenzka Fornritafélag.
- Falk, Hjalmar, 1912: "Altnordisches Seewesen". I *Wörter und Sachen* bd. 4. Heidelberg: Carl Winter. 1–121.
- Fidjestøl, Bjarne, 1994 (1968): *Soga om laksdølane*. Omsetting. 5. utgåva. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Hálfðanar saga Eysteinssonar*. I *Fornaldar sögur Norðurlanda*, utg. Guðni Jónsson, 1950. [Reykjavík]: Íslendingasagnaútgáfan.
- Heide, Eldar, 2001: "Kvinner som gjer menn til kvinner i *Laxdæla saga*". *Nordlit* 9, våren 2001. 79–96.
- Heide, Eldar og Jon Godal, 2001: "Gammalnorsk *handrif* på skip — 'handrev eller rekkverk'?" *Norsk sjøfartsmuseum. Årbok 2000*. 129–146.
- Heimskringla* II. Snorri Sturluson. Utg. Bjarni Aðalbjarnarson. Íslenzk fornrit 27. Reykjavík: Hið íslenzka Fornritafélag, 1945.
- Heimskringla* III. Utg. Bjarni Aðalbjarnarson 1951. Íslenzk fornrit 28. Reykjavík: Hið Íslenzka fornritafélag.
- Iversen, Ragnvald, 1994: *Norrøn grammatikk*. 7. utgåve ved Eyvind Fjeld Halvorsen, 4. opplag.
- Laxdæla saga*. Utg. Einar Ólafur Sveinsson, 1934: Íslenzk fornrit 5. Reykjavík: Hið Íslenzka fornritafélag.
- Mundal, Else, 1997: "Symbol og symbolhandlingar i sagalitteraturen." I Ann Christensson, Else Mundal og Ingvild Øye (red.): *Middelalderens symboler. Kulturtekster* 11. 53–69.
- Sturlunga saga* I. Utg. Gudbrand Vigfusson, 1878. Oxford: Clarendon press.
- Torp, Alf, 1992: *Nynorsk etymologisk ordbok*. Oslo: Bjørn Ringstrøms antikvariat. Faksimile av originalen, Kristiania: Aschehoug, 1919.

SÄRTRYCK
UR
ARKIV FÖR
NORDISK FILOLOGI
117
(2002)